



Møteprotokoll

Utval:	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Rådhuset, formannskapssalen 2.etg.
Dato:	08.06.2026
Tid:	Kl. 13:00

Følgjande medlem møtte

Anita Våg
Arne Martin Rundereim
Nils Anders Sørland
Odd Rune Heggen

Parti

Forfall

Arve Åhjem
Solfrid Honningsvåg
Gunn Karin Sande

Parti

SP

Varamedlem

Ann Kathrin Ervik
Astrid Grete Torheim

Parti

SP

Møtenotat:

- Arve Åhjem hadde forfall til møtet. Ingen vara.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde 6 røysteføre frå sak 26/018 til og med sak 26/025
- Odd Rune Heggen fekk permisjon frå møtet før handsaming av sak 26/026. Ingen vara.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde 5 røysteføre frå sak 26/026 til og med sak 26/027

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/018	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/019	Godkjenning av møteprotokoll
26/020	Referatsaker
26/021	Orienteringssak råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.06.2026
26/022	Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2026
26/023	Vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038
26/024	Helseberedskapsplan for Stad kommune
26/025	Evaluering av politisk utvalsstruktur - Stad kommune
26/026	Reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel - Fullmakt frå formannskapet som planmynde
26/027	Detaljregulering for Kvernhusvegen, Nordfjordeid - Vedtak

26/018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

SRN- 26/018 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/019: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

SRN- 26/019 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

26/020: Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

SRN- 26/020 Vedtak:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

26/021: Orienteringssak råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.06.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

SRN- 26/021 Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

26/022: Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Økonomi- og tenesterapport om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 30.04.2026 for Stad kommune, vert teke til vitande.

Stad eldreråd 08.06.2026:

Handsaming:

Framlegg til vedtak frå Åge Starheim:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad frå Eldrerådet:

Stad eldreråd har gjentekne gonger dei siste 6 åra peika på manglande politisk vilje til å prioritere. Konsekvensane av manglande prioritering kjem no tydeleg fram i økonomirapporten pr. 30.04.2026. Rapporten viser store kutt i helse, omsorg og kultur. Dette vil føre til redusert livskvalitet for folk flest i Stad kommune og ikkje minst for eldre og sjuke. Når det i desse åra har blitt kutta over 80 millionar i helse og omsorg, fryktar eldrerådet at dette vil

skape uholdbare og negative ringverknadar i mange år framover. Rådet ser alvorlege framtidige konsekvensar av kutt, og eit godt barometer er auken i sjukefråveret, som no er på 12.9 % i helse- og omsorgssektoren i Stad kommune. Arbeidet med budsjett for 2027 og økonomiplan for dei neste 4 år reknar rådet med er i gong og viktige politiske prioriteringar må vedtakast. Talet på eldre i Stad kommune vil auke år for år, og vil verte fordobla fram til 2040. Mangel på institusjonsplassar og omsorgsplassar vil føre til eit enormt stort press på dei som bur heime, noko som vil krevje mange fleire tilsette for å hjelpe desse. Eldrerådet forlanger at politikarane no tek på alvor demografiutviklingen i Stad kommune, og gjennomfører den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg. Dersom ikkje politikarane no lyttar til utfordringane i eldreomsorga frå administrasjonen og Stad eldreråd, så har politikarane ansvaret for at eldre og sjuke i framtida får uholdbar livskvalitet.. Einsemd er kanskje det som gjer dagane for eldre og sjuke svært krevjande, noko som sannsynlegvis for mange resulterer i ein altfor tidleg form for demens. Svært mange eldre har ikkje i dag pårørande, som er så nær at dei kan sjå etter dei eller hjelpe dei dersom noko skjer, og som i mykje større grad vil påverke auka behov for institusjonsplass.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart sett opp i mot framlegg frå Åge Starheim. Framlegg frå Åge Starheim vart vedteke med 6 mot 1 røyst. Marie Kristine Kroken (MDG) røysta i mot.

SER- 26/024 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad frå Eldrerådet:

Stad eldreråd har gjentekne gonger dei siste 6 år peika på manglande politisk vilje til å prioritere. Konsekvensane av manglande prioritering kjem no tydeleg fram i økonomirapporten pr. 30.04.2026. Rapporten viser store kutt i helse, omsorg og kultur. Dette vil føre til redusert livskvalitet for folk flest i Stad kommune og ikkje minst for eldre og sjuke. Når det i desse år har blitt kutt over 80 millionar i helse og omsorg, fryktar eldrerådet at dette vil skape uholdbare og negative ringverknadar i mange år framover. Rådet ser alvorlege framtidige konsekvensar av kutt, og eit godt barometer er auken i sjukefråveret, som no er på 12.9 % i helse- og omsorgssektoren i Stad kommune. Arbeidet med budsjett for 2027 og økonomiplan for dei neste 4 år reknar rådet med er i gong og viktige politiske prioriteringar må vedtakast. Talet på eldre i Stad kommune vil auke år for år, og vil verte fordobla fram til 2040. Mangel på institusjonsplassar og omsorgsplassar vil føre til eit enormt stort press på dei som bur heime, noko som vil krevje mange fleire tilsette for å hjelpe desse. Eldrerådet forlanger at politikarane no tek på alvor demografiutviklingen i Stad kommune, og gjennomfører den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg. Dersom ikkje politikarane no lyttar til utfordringane i eldreomsorga frå administrasjonen og Stad eldreråd, så har politikarane ansvaret for at eldre og sjuke i framtida får uholdbar livskvalitet.. Einsemd er kanskje det som gjer dagane for eldre og sjuke svært krevjande, noko som sannsynlegvis for mange resulterer i ein altfor tidleg form for demens. Svært mange eldre har ikkje i dag pårørande, som er så nær at dei kan sjå etter dei eller hjelpe dei dersom noko skjer, og som i mykje større grad vil påverke auka behov for institusjonsplass.

Stad ungdomsråd 08.06.2026:

Handsaming:

SUR- 26/025 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Økonomi- og tenesterapport om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 30.04.2026 for Stad kommune, vert teke til vitande.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:**Handsaming:****SRN- 26/022 Vedtak:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår at Økonomi- og tenesterapport om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 30.04.2026 for Stad kommune, vert teke til vitande.

26/023: Vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken slik den ligg føre, med dei endringane som går fram i vedlegg «Endringar etter høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2028».

2. Stad kommunestyre ber kommunedirektøren å starte arbeidet med å tilpasse vedtekne underliggjande planar til ny målstruktur og nye hovudmål i samfunnsdelen for å sikre samanheng mellom mål og gjennomføring. Stad kommunestyre ber om å få tilbake ei eiga sak for godkjenning av dette arbeidet.

Stad eldreråd 08.06.2026:**Handsaming:****Fellesframlegg til vedtak frå Stad eldreråd:**

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad frå Eldrerådet:

Krava til samfunnsdelen går fram av plan- og bygningslova § 11-2:

«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet, og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

I Samfunnsdelen går det fram: Gjennom tydelege mål og satsingar skal planen leggje til rette for robuste lokalsamfunn, gode levekår, berekraftig arealbruk og effektive tenester innanfor dei ressursane kommunen har til rådvelde.

Den reviderte samfunnsdelen er utforma for å møte utvikling som påverkar kommunen i dag og framover.

Buplikt

Buplikt er lokale regler som brukes for å sikre bosetting og hindre at helårsboliger tas i bruk som

fritidsbolig. Det er typisk attraktive hyttekommuner ved sjøen eller på fjellet som har buplikt. Kommunen kan bestemme at de ønsker buplikt for hele eller et nærmere avgrenset område i kommunen.

I dag opplever vi at fleire og fleire hus går over frå å vere bustad til å bli fritidsbustad. Dette skjer også i etablerte bustadfelt. Vi opplever og at fleire og fleire hus blir ståande tome etter at tidlegare eigarar har måtte flytte ut pga helse osv.

Mange av ungdomane som har reist bort for å ta seg utdanning ønsker å flytte heim når dei skal etablere seg og stifte familie. Problemet vi då står overfor er husmangel. Vi treng lys i husa, at bustadhus forblir bustadhus og at ikkje hus blir fritidsbustad.

I de fleste kommuner som har innført buplikt, er reglene slik at nær slekt likevel kan overta boligen uten buplikt. Dette kalles «slektskapsunntaket».

Stad eldreråd vil oppmode Stad kommune å utgreie ei sak om bu- og konsesjonsplikt på bustader og fritidsbustader i kommunen, eller i delar av den. Saka blir å legge fram til politisk handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart sett opp i mot fellesframlegg frå Stad eldreråd. Fellesframlegg frå Stad eldreråd vart samrøystes vedteke.

SER- 26/025 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad frå Eldrerådet:

Krava til samfunnsdelen går fram av plan- og bygningslova § 11-2:

«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet, og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

I Samfunnsdelen går det fram: Gjennom tydelege mål og satsingar skal planen leggje til rette for robuste lokalsamfunn, gode levekår, berekraftig arealbruk og effektive tenester innanfor dei ressursane kommunen har til rådvelde.

Den reviderte samfunnsdelen er utforma for å møte utvikling som påverkar kommunen i dag og framover.

Buplikt

Buplikt er lokale regler som brukes for å sikre bosetting og hindre at helårsboliger tas i bruk som fritidsbolig. Det er typisk attraktive hyttekommuner ved sjøen eller på fjellet som har buplikt. Kommunen kan bestemme at de ønsker buplikt for hele eller et nærmere avgrenset område i kommunen.

I dag opplever vi at fleire og fleire hus går over frå å vere bustad til å bli fritidsbustad. Dette skjer også i etablerte bustadfelt. Vi opplever og at fleire og fleire hus blir ståande tome etter at tidlegare eigarar har måtte flytte ut pga helse osv.

Mange av ungdomane som har reist bort for å ta seg utdanning ønsker å flytte heim når dei skal etablere seg og stifte familie. Problemet vi då står overfor er husmangel. Vi treng lys i husa, at bustadhus forblir bustadhus og at ikkje hus blir fritidsbustad.

I de fleste kommuner som har innført buplikt, er reglene slik at nær slekt likevel kan overta boligen uten buplikt. Dette kalles «slektskapsunntaket».

Stad eldreråd vil oppmode Stad kommune å utgreie ei sak om bu- og konsesjonsplikt på bustader og fritidsbustader i kommunen, eller i delar av den. Saka blir å legge fram til politisk handsaming.

Stad ungdomsråd 08.06.2026:

Handsaming:

SUR- 26/026 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken slik den ligg føre, med dei endringane som går fram i vedlegg «Endringar etter høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2028».

2. Stad kommunestyre ber kommunedirektøren å starte arbeidet med å tilpasse vedtekne underliggjande planar til ny målstruktur og nye hovudmål i samfunnsdelen for å sikre samanheng mellom mål og gjennomføring. Stad kommunestyre ber om å få tilbake ei eiga sak for godkjenning av dette arbeidet.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:**Handsaming:****SRN- 26/023 Vedtak:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken slik den ligg føre, med dei endringane som går fram i vedlegg «Endringar etter høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2028».
2. Stad kommunestyre ber kommunedirektøren å starte arbeidet med å tilpasse vedtekne underliggjande planar til ny målstruktur og nye hovudmål i samfunnsdelen for å sikre samanheng mellom mål og gjennomføring. Stad kommunestyre ber om å få tilbake ei eiga sak for godkjenning av dette arbeidet.

26/024: Helseberedskapsplan for Stad kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek «Helseberedskapsplan for Stad kommune» slik planen ligg føre.
2. Helseberedskapsplanen omfattar:
 - a. Del A – Administrativ del
 - b. Del B – Operativ del
 - c. ROS-analyse for helse og omsorg
 - d. Tiltakskort for prioriterte beredskapssituasjonar
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle endringar og nødvendige administrative oppdateringar i planverket.
4. Planen skal rullerast jamleg og minimum annakvart år, eller ved vesentlege endringar i risikobilete, organisering eller etter større hendingar og øvingar.

Stad eldreråd 08.06.2026:

Handsaming:

SER- 26/026 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek «Helseberedskapsplan for Stad kommune» slik planen ligg føre.
2. Helseberedskapsplanen omfattar:
 - a. Del A – Administrativ del
 - b. Del B – Operativ del
 - c. ROS-analyse for helse og omsorg
 - d. Tiltakskort for prioriterte beredskapssituasjonar
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle endringar og nødvendige administrative oppdateringar i planverket.
4. Planen skal rullerast jamleg og minimum annakvart år, eller ved vesentlege endringar i risikobilete, organisering eller etter større hendingar og øvingar.

Stad ungdomsråd 08.06.2026:

Handsaming:

SUR- 26/027 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Helseberedskapsplan for Stad kommune» slik planen ligg føre.

1. Helseberedskapsplanen omfattar:
 - a. Del A – Administrativ del
 - b. Del B – Operativ del
 - c. ROS-analyse for helse og omsorg
 - d. Tiltakskort for prioriterte beredskapssituasjonar
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle endringar og nødvendige administrative oppdateringar i planverket.
3. Planen skal rullerast jamleg og minimum annakvart år, eller ved vesentlege endringar i risikobilete, organisering eller etter større hendingar og øvingar.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

Fellesframlegg til tilleggspunkt frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Menneske med nedsett funksjonsevne bør eksplisitt omtalast i tiltakskorta, då dette er ei særleg sårbar gruppe.

Merknad: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser at planen med fordel kunne ha vore lagt ut på høyring.

Fellesframlegg og merknad frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes vedteke.

SRN- 26/024 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg av punkt 5.

1. Kommunestyret vedtek «Helseberedskapsplan for Stad kommune» slik planen ligg føre.
2. Helseberedskapsplanen omfattar:
 - a. Del A – Administrativ del
 - b. Del B – Operativ del
 - c. ROS-analyse for helse og omsorg
 - d. Tiltakskort for prioriterte beredskapssituasjonar
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle endringar og nødvendige administrative oppdateringar i planverket.
4. Planen skal rullerast jamleg og minimum annakvart år, eller ved vesentlege endringar i risikobilete, organisering eller etter større hendingar og øvingar
5. Menneske med nedsett funksjonsevne bør eksplisitt omtalast i tiltakskorta, då dette er ei særleg sårbar gruppe.

Merknad: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser at planen med fordel kunne ha vore lagt ut på høyring.

26/025: Evaluering av politisk utvalsstruktur - Stad kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre tek saka til vitande.

Stad eldreråd 08.06.2026:

Handsaming:

SER- 26/027 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Stad ungdomsråd 08.06.2026:

Handsaming:

SUR- 26/029 Vedtak:

Stad ungdomsråd tek saka til vitande.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:

Handsaming:

SRN- 26/025 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår at Stad kommunestyre tek saka til vitande.

26/026: Reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel - Fullmakt frå formannskapet som planmynde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad formannskap som planmynde gjev eining for Plan og forvaltning fullmakt til å legge følgjande reguleringsplanar ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

Stad eldreråd 08.06.2026:

Handsaming:

SER- 26/028 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad formannskap som planmynde gjev eining for Plan og forvaltning fullmakt til å legge følgjande reguleringsplanar ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

Stad ungdomsråd 08.06.2026:

Handsaming:

SUR- 26/030 Vedtak:

Ungdomsrådet tilråd kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad formannskap som planmynde gjev eining for Plan og forvaltning fullmakt til å legge følgjande reguleringsplanar ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:**Handsaming:****SRN- 26/026 Vedtak:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilråd kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad formannskap som planmynde gjev eining for Plan og forvaltning fullmakt til å legge følgjande reguleringsplanar ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

26/027: Detaljregulering for Kvernhusvegen, Nordfjordeid - Vedtak**Plan og forvaltningseininga sitt framlegg til vedtak:**

Detaljregulering for del av gbnr. 44/188 Kvernhusvegen, vert i medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 vedteken.

Stad eldreråd 08.06.2026:**Handsaming:****SER- 26/029 Vedtak:**

Stad eldreråd tilråd plan og forvaltningseininga sitt framlegg til vedtak:

Detaljregulering for del av gbnr. 44/188 Kvernhusvegen, vert i medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 vedteken.

Stad ungdomsråd 08.06.2026:**Handsaming:**

SUR- 26/031 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår plan og forvaltningseininga sitt framlegg til vedtak:

Detaljregulering for del av gbnr. 44/188 Kvernhusvegen, vert i medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 vedteken.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026:**Handsaming:****SRN- 26/027 Vedtak:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår Plan og forvaltningseininga sitt framlegg til vedtak:

Detaljregulering for del av gbnr. 44/188 Kvernhusvegen, vert i medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 vedteken.